

## Saksframlegg

Saksbehandlar: Audun Erik Sunde, Næringsavdelinga  
Sak nr.: 15/11936-1

### **Petroleumsrådet - Endring av reglement og val for valperioden 2015 - 2019**

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**Fylkesrådmannen fylkesutvalet til å gje slik tilråding:  
Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Reglementet for petroleumsrådet vert endra slik:

Under § 2- Val og samansetnad, vert det gjort følgjande endringar i reglementet:

- a. «Fylkesvaraordføraren» kjem inn som nytt andre kulepunkt
- b. Eksisterande tredje kulepunkt vert endra til «To ordførarar frå kommunar med særleg interesse i sektoren»
- c. Eksisterande fjerde kulepunkt vert endra til «Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa

2. Følgjande vert valde som medlemmer i petroleumsrådet:

.....

.....

.....

.....

..... (reglementsavhengig val).

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

Vedlegg:

Gjeldande reglement for petroleumsrådet

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Innleiing**

Petroleumsrådet er eit fast utval oppretta i medhald av kommunelova § 10. Det følgjer av lova at val og endring av reglement ligg til fylkestinget.

Det skal no veljast nye medlemmer til petroleumsrådet. Desse vart valde i 2011: Åshild Kjelsnes (leiar), Bengt Solheim-Olsen (nestleiar), Hilmar Høl, Vigdis Wiik Jacobsen og Harald Ynesdal.

Ut frå politiske drøftingar har det kome innspel om to endringar i reglementet. Desse påverkar samansettinga av rådet. Endringane må difor vedtakast før sjølve valet.

## **2. Endring av reglement**

Det er vist til innspel om endringar. Dei to ønskje endringane er:

- Fylkesvaraordføraren kjem inn som ny medlem.
- Rådet vert utvida med ein ekstra ordførar.

I tillegg føreslår fylkesrådmannen å justere ordlyden i siste kulepunkt under samansettinga, slik at denne no vert «Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa», der «inntil» vert tillegget. Resonnementet bak framlegget er at petroleumsrådet skal vere operativt, sjølv om det skulle ta tid å finne aktuelle fagpersonar til dette arbeidet. Ut frå lovheimelen ligg det til fylkestinget å gjere eventuelle suppleringsval.

Fylkesrådmannen legg til grunn at ordlyden vert endra slik at den er oppdatert i høve noverande utvalsstruktur (frå HPN til HNK). Dette er ei reint teknisk endring, jf. noverande andre kulepunkt.

Det følgjer automatisk av framlegga at ordlyden må endrast frå «skal ha fem medlemmer...» til «skal ha inntil sju medlemmer...» om framlegga vert vedtekne.

Under følgjer gjeldande og føreslegen versjon av § 2 i reglement for petroleumsrådet.

§ 2 - Gjeldande versjon	§ 2 - Føreslegen versjon
Petroleumsrådet skal ha fem medlemmer og vere samansett slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesordføraren</li> <li>• Ein medlem frå hovudutval for plan og næring</li> <li>• Ein ordførar frå ein kommune med særleg interesse i sektoren</li> <li>• To fagpersonar som har god kunnskap om næringa</li> </ul> Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. Fylkestinget vel nestleiar.	Petroleumsrådet skal ha inntil sju medlemmer og vere samansett slik: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Fylkesordføraren</li> <li>• Fylkesvaraordføraren</li> <li>• Ein medlem frå hovudutval for næring og kultur</li> <li>• To ordførarar frå kommunar med særleg interesse i sektoren</li> <li>• Inntil to fagpersonar som har god kunnskap om næringa</li> </ul> Fylkesordføraren skal vere leiar for rådet. Fylkestinget vel nestleiar.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)